

## Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 06.02.2023

**Mathilde Nonås** sette fram slikt forslag:

"Tillegg

VU er skeptiske til at lærarane skal få informasjon om tida til elevane utanfor skulen, og ønsker å vite meir om korleis desse virkemiddlane kan hjelpa elevane."

**Tina Emilie Revheim** sette fram slikt forslag:

"Tillegg

Ein utfordring VU ser med digital læringsanalyse er at vil læringa skje meir digitalt, og alle lærarar har ikkje like god kompetanse innan IKT."

**Hallvard Olav Gjerland Lervik** sette fram slikt forslag:

"Tillegg

VU meiner at dersom dataen blir anonymisert så kan den bli brukt til nasjonale undersøkingar. Det vil seie at dersom noko av informasjonen som blir samla inn kan anvendast på nasjonalt nivå til undersøkingar, så kan ein bruke denne dataen så lenge den er anonymisert."

**Tina Emilie Revheim** sette fram slikt forslag:

"Tillegg

VU stiller seg positiv til nivåinndelt læring."

**Emil Kvebæk Øvretveit** sette fram slikt forslag:

"Tillegg

Samtalen om kva digital læringsverktøy bør tas i dei ulike klassemiljøa, og mellom elevane og lærar. Slik får lærar veta kva læringsverktøy som kan brukast som elevar syns er nyttige, og kva informasjon og korleis den skal brukast for elevane sin del. Alle klassemiljø, elevar og elev-lærarrelasjonar er forskjellige, så å forankra dette i dei ulike klassemiljøa og mellom elevane og lærarna er viktig for at det både skal følast riktig og meningsfullt."

**Hallvard Olav Gjerland Lervik** sette fram slikt forslag:

"Tillegg

VU ønsker at det skal bli sendt ut eit informasjonsskriv til både elevar og foresatte der ein får informasjon om kva data som blir samla inn og kva den blir brukt til."

**Wiktorija Bujnicka** sette fram slikt forslag:

"Tillegg

VU meiner man kan lage ei nettside med informasjon frå prosjekt digital læringsanalyse som man kan logge seg på med for eksempel skulebrukaren sin for og få tilgang til dataen som er samla inn om den enkelte personen."

### **Avrøysting**

Nonås sitt forslag fekk 1 røyst og falt.

Revheim sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst.

Lervik sitt forslag vart vedteke mot 2 røystar.

Revheim sitt forslag vart vedteke mot 3 røystar.

Øvretveit sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Lervik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Bujnicka sitt forslag vart vedteke mot 2 røystar.

## **Vedtak**

Ein utfordring VU ser med digital læringsanalyse er at vil læringa skje meir digitalt, og alle lærarar har ikkje like god kompetanse innan IKT.

VU meiner at dersom dataen blir anonymisert så kan den bli brukt til nasjonale undersøkingar. Det vil seie at dersom noko av informasjonen som blir samla inn kan anvendast på nasjonalt nivå til undersøkingar, så kan ein bruke denne dataen så lenge den er anonymisert.

VU stiller seg positiv til nivåinndelt læring.

Samtalen om kva digital læringsverktøy bør tas i dei ulike klassemiljøa, og mellom elevane og lærar. Slik får lærar veta kva læringsverktøy som kan brukast som elevar syns er nyttige, og kva informasjon og korleis den skal brukast for elevane sin del. Alle klassemiljø, elevar og elev-lærarrelasjonar er forskjellige, så å forankra dette i dei ulike klassemiljøa og mellom elevane og lærarna er viktig for at det både skal følast riktig og meningsfullt.

VU ønsker at det skal bli sendt ut eit informasjonsskriv til både elevar og foresatte der ein får informasjon om kva data som blir samla inn og kva den blir brukt til.

VU meiner man kan lage ei nettside med informasjon frå prosjekt digital læringsanalyse som man kan logge seg på med for eksempel skulebrukaren sin for og få tilgang til dataen som er samla inn om den enkelte personen.